




Samarbeidsavtale mellom Meland kommune og Meland idrettsråd

Denne avtale har som føremål å regulere samarbeidet mellom Meland kommune og Meland idrettsråd

- §1. Det skal haldast minst eitt årleg møte mellom Meland idrettsråd og kommunens politiske og administrative leining. Eit slikt møte vil sikre begge partars behov og informasjonsutveksling på ein ryddig måte.
- §2. Idrettsrådet skal vere høyringsinstans for fastsetting av datoar for aktuelle kommunale søknader
- §3. Idrettsrådet er høyringsinstans for prioritering av spelemidlar
- §4. Idrettsrådet kan gje uttale i forkant av budsjettforhandlingar som vedkjem kultur-og idrettsfeltet
- §5. Idrettsrådet skal vere ein høyringsinstans og samarbeidspartnar i kommunens planarbeid innan idrett, friluftsliv, folkehelse og nærmiljøanlegg. Gjeld også evt interkommunalt og regionalt samarbeid/regionale anlegg
- §6. Idrettsrådet skal vere ein høyringsinstans ved tildeling av tid ved kommunale idrettsanlegg
- §7. Idrettsrådet skal bli informert om søknader til kommuneadministrasjonen frå aktører innan idrett/friluftsliv anten gjennom høyringar/uttale eller ved det årlege møtet mellom Idrettsrådet og Meland kommune
- §8. Idrettsråd og kommune skal aktivt samarbeide for å finne gode løysingar for å inkludere personar/grupper med særlege behov.

Frekhaug, 27.2.2014


Meland kommune


Meland idrettsråd